

## Interpellasjon om desentralisering i Vestland fylkeskommune

Under koronapandemien har hverdagen for ansatte i det offentlige endret seg mye. Hjemmekontor har blitt vanlig og digitaliseringen har skutt fart. Endringen har vært helt nødvendig av smittevern hensyn, men viser samtidig store muligheter for å desentralisere deler av offentlig forvaltning. Dette gjelder også for Vestland fylkeskommune.

Den nye normalen kan bli tradisjonelle kontormiljø i fylkeshusene, kombinert med mer bruk av hjemmekontor og flere desentraliserte enheter (utekontor) gjerne knyttet opp mot kommuner, næringshager eller andre.

Vestland fylkeskommune må ha en offensiv holdning til å få flere statlige arbeidsplasser til fylket, samtidig må fylkeskommunen være offensiv for å desentralisere egen virksomhet, og utnytte nye muligheter.

### Spørsmål:

Vil fylkesordfører ta initiativ til tiltak som fremmer desentralisering av arbeidsplasser i Vestland fylkeskommune?

### Forslag til vedtak:

Fylkestinget ber om ei sak med konkrete tiltak for desentralisering av arbeidsplasser i Vestland fylkeskommune.

### Fylkesordføreren gir slikt svar:

Interpellanten peikar på viktige problemstillingar som er aktualisert i kjølvatnet av pandemien. Kombinasjonen av tradisjonelle kontormiljø og heimekontor kan verte ei framtidig arbeidsform.

Fylkesordføreren er samd i at den auka digitaliseringa av samfunnet opnar nye måtar å organisere arbeidslivet på. I denne samanhengen vil fylkesordføreren likevel minne om at Vestland fylkeskommune er ein desentral organisasjon med verksemd i store deler av fylket. Vidaregåande skular, tannklinikkar, vegkontor og kontorplassar av ulikt slag er plassert i dei aller fleste kommunane i Vestland.

Fylkesordføreren reknar med at tilpassing av arbeidslivet til «den nye normalen» i etterkant av pandemien, vil omfatte både privat og offentleg sektor. Fylkesordføreren vil aktivt ta del i dette arbeidet og vil syte for at Vestland fylkeskommune tek i bruk den nye teknologien. Dette gjeld både med sikte på auka desentralisering, som interpellanten peikar på, men og med tanke på endringar av arbeidsmåtar generelt.

I samband med gjennomgang av verkemiddelapparatet har fylkestinget bede om vurdering av utflytting av fylkeskommunale arbeidsplassar. Avdeling for innovasjon og næringsutvikling er i dag lokalisert på 10 ulike stader i fylket. Ytterlegare lokalisering vert vurdert ved vakansar ettersom nye lokaliseringar aukar drifts- og leigekostnader.

Fylkesrådmannen opplyser at ein framover vil vurdere i kva grad det skal leggjast til rette for fleksibel innretting mellom offisiell kontorplass og heimekontor. Nye lokaliseringar, som nemnt ovanfor, vert vurdert ved vakansar. Utviding utover dette vil som nemnt auke administrasjonskostnadane, og nye digitale arbeidsmåtar kan vere framtidige alternativ.

Interpellasjonen tek også opp arbeidet med å få fleire statlege arbeidsplassar til fylket. Fylkesordføreren er samd i at dette er eit viktig arbeid og meiner ein absolutt har ei offensiv haldning til dette. Seinast viser dette i fylkesutvalet sitt møte 18. februar, der det vart vedteke fråsegn om at GIEK må flyttast til Vestland.

I interpellasjonen er det foreslått ei eiga sak der ein ser nærare på dette. Fylkesordføreren viser til verbalpunkt i fylkestinget sitt budsjettvedtak for 2021 om å vurdere utflytting av fylkeskommunale arbeidsplassar og vil tilrå at spørsmåla interpellanten reiser vert vurdert i denne samanhengen. Som kjent er det også starta ein større gjennomgang av organisasjonen, der eit av premissa er å sikre regional balanse. Denne gjennomgangen skal vere slutført innan utgangen av 2021.

I tillegg vil fylkesordføreren sjå det som naturleg at fylkesrådmannen i det vidare arbeidet ser på korleis bruken av heimekontor skal vera på varig basis og legg fram sak om dette til administrasjonsutvalet.